

Partilovnemnda
v/leder Ørnulf Røhnebæk
Eidsivating lagmannsrett
Hamar Tinghus
2300 Hamar

Selje Arbeidarparti
6740 Selje

Oslo, 24. april 2006

Sak: 3-06 Klage vedrørende statleg støtte til registrerte politiske parti

Vi syner til klage datert 22. februar 2006. Partilovnemnda hadde sitt første og konstituerande møte 24. april 2006. Det er årsaka til at klagen ikkje er handsama tidlegare.

Om fakta i saka syner vi til klagen, fylkesmannens merknader 2. mars 2006 – som gjekk i kopi til Selje Arbeidarparti – og det som følgjer nedanfor.

Saka gjeld fylkesmannens vedtak om statleg støtte til eit politisk parti på kommunenivå, jf. partilova § 13. Det følgjer av § 13 første ledd at statleg støtte i eit slik tilfelle vert gjeve som stemmestøtte og grunnstøtte. Det er frå klagaren ikkje hevda at fylkesmannen har rekna feil, slik at partilaget har fått mindre grunnstøtte/og eller stemmestøtte enn laget skulle hatt i høve til utrekningsreglane. Slik Partilovnemnda forstår klagen, er den i hovudsak retta mot at bruttotilskottet i 2006 berre utgjer vel 40 prosent av det partilaget har motteke i tidlegare år, og at dette sett det daglege arbeidet i partilaget – og andre politiske parti – i fare.

Partilovnemnda er rett klageorgan, jf. partilova § 15 og § 24 andre ledd bokstav d. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sitt vedtak er datert 8. februar 2006 og klagen er framsett 22. februar 2006, det vil seie innanfor den trevekers fristen som følgjer av § 15. Fylkesmannen har kommentert klagen i oversendinga til nemnda, og nemnda finn at saka er godt nok opplyst til at ein kan treffe avgjerd i saka, jf. forvaltningslova § 17.

Det følgjer av Fornyings- og administrasjonsdepartementets rundskriv 1/2006, datert 23. januar 2006, at 2006-satsen for grunntilskottet til kommuneorganisasjonar i politiske parti er kr 1.025,46. Partilovnemnda finn at fylkesmannen sitt vedtak er i samsvar med dette.

Det følgjer av same rundskriv at 2006-satsen for støtte per stemme til kommuneorganisasjonar i politiske parti er kr 11,12. Fylkesmannen har lagt til grunn at Arbeidarpartiet fekk 357 røyster ved siste kommunestyreval i Selje kommune, og har difor utrekna stemmestøtte med $(357 \times 11,12 =)$ kr 3.969,84. Klagaren har ikkje gjort gjeldande at stemmetalet er urett. Partilovnemnda finn at fylkesmannens vedtak er i samsvar med rundskrivet.

Partilovnemnda skal – som dei fleste andre klageorgan innan forvaltninga – sjå til at vedtak etter den aktuelle lova byggjer på riktig faktum og riktig juss. Vidare skal nemnda sjå til at ein ved avgjerdar som inneheld skjønn, har halde seg innanfor dei ulovfesta reglane om

forsvarleg bruk av skjønnskompetansen. Det siste kjem ikkje inn i denne saka – vedtak etter partilova § 13 er fullt ut lovbundne. Partilovnemnda har ikkje kompetanse utover dette og det er difor utan interesse kva nemnda eventuelt måtte meine om nivået på den statlege stønaden til kommuneparti eller den omlegginga av partistøtte som fann stad ved årsskiftet. Med bakgrunn i dette blir fylkesmannens vedtak å stadfeste.

Nemnda vil elles vise til brevet frå fylkesmannen 2. mars 2006 der det vert peika på at gruppe- og representantstønad er overført til kommunane sjølve, som ein del av det ordinære rammetilskotet.

Vedtaket er samrøystes og avsagt i møte med alle medlemmane til stades, jf. forskrift 16. mars 2006 nr. 321 om visse forhold vedrørende de politiske partiene (partilovforskriften) § 21 andre ledd. Partilovnemndas vedtak etter § 15, jf. § 24, kan ikkje påklagast. Klagaren kan bringe vedtaket inn for domstolane.

Vedtak: Fylkesmannens vedtak, referanse 2005/6062-208 347 A, vert stadfesta.

For Partilovnemnda

Ørnulf Røhnebæk
leiar

Kopi:
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Postboks 14, 6801 Førde
Sogn og Fjordane Arbeidarparti, Storehagen 5, 6800 Førde